



# ÅRSPLAN 2025-2026



## Velkommen til Plassebakken Barnehage SA

Plassebakken Barnehage SA er ein foreldreeigd ideell barnehage med naturprofil. Opplevingar i naturen og erfaring med dyrehald, dannar grunnlaget for vår pedagogiske verksemd.

Å starte i barnehagen representerar starten på eit langt utdanningsløp. Det er den første av ei rekke overgangar i barnet sitt liv. Forskjellen frå overgangar seinare i livet, er at små barn i mindre grad enn eldre barn kan førebuast på overgangen i form av forklaring og informasjon. Hos oss har vi tatt **gjennomtenkte og bevisste valg med tanke på kva eitt – åringen skal møte hos oss**, og som bidrar til å trygge dei yngste barna (og foreldra deira) slik at den første overgangen vert opplevd som oversiktleg og god.

- ❖ Det eine er at vi har bevart dei små avdelingane for barn under 3 år. Her har vi grupper på maks 12 barn.
- ❖ Eit anna er at kvart barn har 1 – 2 primærkontakter i tilvenningsperioden. Vi veit at små barn kan knytte seg til eit begrensa antal omsorgspersonar.

**Overordna for oss i denne perioden er «tilvenning med vekt på emosjonell tilknytning», foreldreaktiv tilvenning og individuell tilpassing.**

Tryggleik og tillit mellom barn, foreldre og tilsette skaper det beste utgangspunktet for samarbeid alle åra gjennom barnehageløpet. Vi har stor respekt for den tilliten vi får når foreldre velgjer Plassebakken som barnehage for sine barn, og vi er glade for å få følgje så mange barn gjennom dei viktige barneåra.

Lykke til med barnehageåret 2025 - 2026

Sissel Berg Natvik  
Dagleg leiar



**Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen (2017) er barnehagen sine styringsdokument.**

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan som viser korleis barnehagen arbeider for å omsetje formål, innhald og oppgåver i rammeplanen,

Årsplanen er først og fremst eit arbeidsredskap for barnehagepersonalet. I tillegg skal den bidra til å dokumentere barnehagen sine pedagogiske val og grunngjevingar.

Årsplanen skal også gi informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til styresmakter, samarbeidspartnarar og andre interesserte. SAMU skal fastsette årsplanen.

Utdjupande grunngjeving og pedagogisk plattform er tilgjengeleg på [www.plassebakken.no](http://www.plassebakken.no)

| Innhald i årsplanen                            | Side      |
|------------------------------------------------|-----------|
| Velkommen                                      | 1         |
| <b>Overordna fokusområder</b>                  | <b>3</b>  |
| Vennskap og fellesskap                         |           |
| Naturprofil                                    |           |
| Dyra våre                                      |           |
| Vaksenrolla i leik                             |           |
| Song og musikk                                 |           |
| <b>Felles temaplan</b>                         | <b>9</b>  |
| Oversikt og mål for dei ulike periodane        |           |
| Fagområder                                     |           |
| <b>Informasjon og medvirkning gjennom året</b> | <b>11</b> |
| Periodeplanar og månadsbrev                    |           |
| KidPlan                                        |           |
| Foreldresamtalar                               |           |
| Dagleg kontakt                                 |           |
| Tilbakemeldingar                               |           |
| <b>Tradisjonar og fellesaktivitetar</b>        | <b>12</b> |
| Kvifor tradisjonar?                            |           |

## Overordna og felles fokusområder

### Vennskap og fellesskap



#### Kva legg vi vekt på?

Miljøet skal hos oss vere prega av **omtanke for fellesskapet** og **det unike hos kvar og ein av oss**, slik at kvar og ein av oss skal føle meistring og å vere inkludert.

Med dette meiner vi at vi skal ha respekt for kvarandre, vise omsorg for kvarandre og skape trygghet.

Vi skal vise respekt for ulikskap, ulike forutsetningar og sjå etter det positive i kvarandre. Vi skal vereause ved å lytte til kvarandre, la alle komme med si meining, ha tolmod, inkludere alle, snakke positivt om kvarandre og vere bevisste på kroppsspråket vi viser i kommunikasjon med andre. Gjennom dette trur vi at barnet blir i stand til gradvis å ta større ansvar for seg sjølv og fellesskapet.

Tilhøyrsl og tilknytning i nettverk og fellesskap med andre, er mellom dei viktigaste faktorane som fremjar helse, livskvalitet og meistring. Særleg avgjerande er dette i tidleg barndom. Gode relasjonar som er prega av tryggleik, gjensidig glede og stimulering vert bygd inn i barnet sin hjernearkitektur som ein solid «grunnmur» for vidare utvikling. Ein grunnmur som (vanlegvis) dannar eit solid grunnlag for motstandsdyktighet (resiliens) som varer heile livet (NTNU, 2021)

## Naturprofil



### Kva legg vi vekt på?

Opplevingar i naturen dannar grunnlaget for vår pedagogiske verksemd. Frå yngst til eldst i barnehagen får alle barna i Plassebakken Barnehage fine erfaringar med natur og friluftsliv.

Vi har god plass på uteområdet, naturlege utfordringar med kupert terreng og varierte leikeapparat som gir utfordringar for ulike alderstrinn. Om ein ikkje klarer å klatre opp ein stad der dei eldre barna får til, blir det noko å strekke seg etter som blir ekstra stas når ein til slutt meistrar det.

Viktig for oss er også området ved grillhyttene og skogsområda rundt som naturleg progresjon i utelivet. Naturen har ei utfordring for alle og serverar eit mangfald av moglegheiter. Utfordringane barna får, gjer at motoriske ferdigheiter blir styrka. Vi meiner at barn treng å lære seg å vurdere risiko og eigen meistring som eit grunnlag til vurderingar ein treng å gjere seinare i livet. Dette gir naturen høve til i passe tempo.

Barna skal få oppleve bål, naturen i endring med årstidene, lydar, lukter og så vidare. Dette er opplevingar der alle sansane blir nytta. At barna får erfaring med dette, og lærer seg å sette pris på desse opplevingane, vil gjere at dei vil **kjenne ansvar for å ta vare på naturen når dei blir vaksne**. Dei vil òg nytte naturen til vidare opplevingar.

Talet på konflikter blant barna vert kraftig redusert i naturen. Det finnes også undersøkingar som viser at det er mindre opplevd stress for både dei vaksne og barna i naturgrupper. Forsking viser at frisk luft og naturopplevingar har positiv effekt på vår psykiske helse.

## Dyra våre

### Kva legg vi vekt på?

Vi meiner at kontakt med dyr er ein unik læringsarena for barna i alle aldersgrupper. Dyra våre er ikkje til matproduksjon (med unntak av egg frå hønene), eller slakting, men det handlar om ein innfallsvinkel til korleis utvikle sosial kompetanse, sjølvkjensle og sjølvbiletet for einskildbarnet. I tillegg gjev kontakt med dyr ei kjensle av å meistre, kreativitet, spørje- og vitelyst.

Avdelingane har ansvar for dyra kva si veke. Ansvar for dyra aukar i takt med alderen, og dei eldste ungane våre er med på mating, rydding og reingjering, hente spon og høy osv. Ei viktig oppgåve er også å følgje med på at dyra er friske og har det bra.

**Dyreholdet er for Plassebakken Barnehage ein arena for heilskapleg læring – for livet, av livet**

## Vaksenrolla i leik

### Kva legg vi vekt på?

Personalet hos oss legg til rette for gode høve til leik og skaping av mange minner i "den gode barndom". Leiken er avgjerande for barn si utvikling; - intellektuelt, språkleg, sosialt, fysisk og emosjonelt. Vi legg derfor vekt på å legge til rette for gode leikemiljø ved å observere, ta initiativ til samspel, vere tilgjengelege, inspirere, vere støttespelar og deltakar i barns leik.



Ein av kjerneverdiane våre er galskap. **Vi skal vere leikande vaksne, som tørr å sleppe seg laus og vere litt gal, som tørr å la borna bråke litt i leiken og stole på at ein likevel har kontroll.** Det er dette som gjer oss «barnehagefolk» litt annleis enn folk flest. Vi ser at dette påverkar leiken til borna, slik at dei litt stille og forsiktige også tørr å sleppe seg laus og komme med innspel, og dermed bli populære leikekameratar.

Vaksne med kunnskap om leiken si betydning er viktig for oss. Dersom vi observerer barn som ikkje leikar, er det vårt ansvar å finne ut kvifor og gjere noko med det. Vi veit at borna treng felles opplevingar, tid og kontinuitet for å skape leik og for å utvikle den frå eit «rable-stadium» til eit rutine-stadium med leiketema som er rike og kan utvikle seg med alder. I tillegg kan nokre born trenge veiledning for korleis ein kan komme i gang med leiken. Dersom dei vaksne greier å gi barna alt dette, kan ein unngå utestenging og mobbing i barnegruppa og sørge for at alle føler at dei har vener i barnehagen.

## Song og musikk



### Kva legg vi vekt på?

Song og musikk skapar glede, tryggleik og samhold. For barn er det naturleg å synge og uttrykke seg utan ord, men ved hjelp av stemme og kropp. Ved at barnet får dekt dette behovet, opplever det tilfredshet og mestring. Sang fengar barn meir enn tale, så vi ønskjer å bruke sang og musikk i så mange situasjonar/aktivitetar som råd – i lek, ved matbordet, i stellesituasjonar, ved overgangar, ved påkledning, osv. Dette skaper oppmerksomhet og positiv stemning og eit godt miljø for alle.

Sang og musikk styrker tilknytning og emosjonell utvikling, og er til hjelp med å formidle kjensler og forstå andre.

**Språkutviklinga har også god nytte av song, rim og regler. Språktreninga blir ein aktiviserande og morosam lek, og lek er som vi veit den aller beste metoden for læring i barnehagealder. Gjennom song, rim og regler, tileignar barna seg ord og språkrytme.**

Ei «glad hjerne» tar lettare i mot kunnskap. Gjennom song og musikk lærer barnet viktige ferdigheiter. Det å høyre ulike tonehøgder og melodiar, halde puls og rytme, oppfatte og tilpasse styrkegrader og tempo, prøve ulike instrument, bevege kroppen og danse, gir meistringskjensle og stimulerar til læring også på andre områder.

Barn som snakkar ulike språk, kan likevel synge saman. Dei får ei oppleving av fellesskap ved å ha same kunnskap og felles «kodeforståing».

Barnehagen er medlem i det landsomfattande tiltaket «Krafttak for song» - Syngande barnehage.

## Felles temaplan

### Barn si lyst til å undersøke og utforske skal påvirke avdelingane sine val

Barnehagen sitt pedagogiske arbeid er systematisert gjennom ein felles *temaplan*. Prosjekta avdelingane velgjer å knytte til dei ulike tema, vil avhenge av mellom anna alder og interesser i barnegruppa. Nokre planar er lagt, men desse kan endre seg gjennom året då **barn sin medverknad** vil vere viktig. I prosjektarbeid har barn si nyfikne og medverknad ein sentral plass.

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>Juni, juli, august og september</p> <p>Tema: Tryggleik og inkludering</p> <p>Les meir om dette på side 3 – 7</p> <p><i>Felles overordna mål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sørge for ei god og trygg tilvenning med emosjonell tilknytning</li> <li>• Skape gode, trygge og rause relasjonar mellom barnehage – heim, barn – barn og personale – barn</li> <li>• Skape gode fellesskapsopplevingar i nye grupper/avdelingar</li> </ul>                                                                                          |
| <p>Oktober, november, desember og januar</p> <p>Fokus: Kultur og kreativitet</p> <p>Les meir om dette på side 3 – 7</p> <p><i>Felles overordna mål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli kjent med ulike verdiar og tradisjonar</li> <li>• Få erfaring med skapande prosessar</li> <li>• Kjenne glede og entusiasme for ulike vinteraktivitetar</li> </ul>                                                                                                                                                                            |
| <p>Februar, mars, april og mai</p> <p>Fokus: Undring og utforsking</p> <p>Les meir om dette på side 3 – 7</p> <p><i>Felles overordna mål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for undrande samtalar om livet/ nytt liv</li> <li>• Undre oss saman om det norske flagget, og utforsk kva eit sosialt og kulturelt fellesskap kan vere.</li> <li>• Legge til rette for at borna får undersøke og oppdage ulike prosessar i naturen</li> <li>• Sørge for gode avslutningar, og undre oss over kva som vil komme.</li> </ul> |

## Fagområder

### Kommunikasjon, språk og tekst

Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språk, symbol og tekst og stimulere til språklig nysgjerrighet, bevissthet og utvikling.

I barnehagen skal barna få mulighet til å erfare ulike formidlingsmåtar av tekstar og fortellingar, som kilde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møter med språk og kultur.

### Kropp, bevegelse, mat og helse

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få mulighet til å sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt.

Gjennom medverknad i mat- og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å spise sunn mat og få grunnleggande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

### Kunst, kultur og kreativitet

Barna skal støttast i å vere aktive og skape egne kunstnariske og kulturelle uttrykk.

Barnehagen skal legge til rette for samhørighet og kreativitet ved å bidra til at barna får vere saman om å oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.

## Natur, miljø og teknologi

Opplevelingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for naturen sin eigenart og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til berekraftig utvikling.

Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for lek og læring.

## Antal, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet.

Barnehagen skal legge til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i daglegliv, i teknologi, natur, kunst og kultur og ved sjølv å vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna si undring, nysgjerrighet og motivasjon for problemløysing.

## Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måtar å oppfatte verden og mennesker på og pregar verdier, normer og haldningar.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til fortellingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn, og dei skal få erfaringar med at kulturelle uttrykk har eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfald i samfunnet og forståing for andre menneske sin livsverden og levestett.

## Nærmiljø og samfunn

Barn sin medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlag for vidare innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med eige nærmiljø, samfunnet og verden.

Gjennom lek og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få begynnande kjennskap til menneskerettane.

## Informasjon og medvirkning gjennom året

### Periodeplanar og månadsbrev (med utgangspunkt i felles overordna temaplan)

Kvar måned sender vi ut Plassebakken Post. Denne kjem ut i ein fellesdel med info til alle avdelingar (frå dagleg leiar) og ein del som gjeld den einskilde avdeling (frå pedagogisk leiar). Den blir lagt på "Tavla" i KidPlan.

### KidPlan

KidPlan er barnehagen si heimeside og kommunikasjonsplattform for foreldre. På "Mine sider" kan foreldre sjå bilder, lese informasjon, legge inn meldingar i chat, finne kontaktinfo til andre foreldre, etc. Det er også der foreldre skal legge inn fråvær eller andre meldingar på eige barn. Sjå her: [www.plassebakken.no](http://www.plassebakken.no)

### Dagleg kontakt

Den daglege kontakta med foreldre er høgt verdsett. Vi ønskjer ikkje at KidPlan skal erstatte denne, og arbeider for å bli godt kjent med foreldre også - ikkje berre barna. Vi ønskjer foreldre som tar opp smått og stort med oss. Det er ikkje alltid det lar seg gjere i garderoba med barn eller andre foreldre til stade, men då er det råd å be om ein samtale på eit passende tidspunkt.

### Foreldresamtalar og foreldremøter

Dei pedagogiske leiarane inviterar til foreldresamtalar to gonger pr. Barnehageår. Vanlegvis i november og april.

Foreldremøter vert arrangert 1 – 2 gonger pr. barnehageår.

### Samarbeidsutval og forelderåd

Alle foreldre med barn i barnehagen er automatisk medlem i forelderådet, som velgjer to representantar til Samarbeidsutvalet. Desse skal bidra til eit godt samarbeid mellom barnehage og heim (blant anna). Les meir her: <https://foreldreutvalgene.no/fub/>

## Tradisjonar og viktige datoar

### Kvifor tradisjonar?

Vi har hatt ein gjennomgang og vurdert våre ulike tradisjonar. Nokre blir med vidare medan andre kuttar vi ut. Dei som blir kutta ut, har ikkje samme "misjon" som før og/eller er vanskeleg å gjennomføre på ein god måte med i ein stor barnehage.

Dei som er med vidare, er med fordi vi meiner dei bidreg til

- å skape eit miljø prega av samhald
- arbeid med relasjonar (både for barn, ansatte og foreldre)
- ein sterkare naturprofil for heile barnehagen

Oversikt over datoar på KidPlan.

